



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/5984-6

Revisorbrev 03-2016 - svar frå fylkesrådmannen

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek svarbrev frå fylkesrådmannen til revisorbrev 03-2016 til vitande.
2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i brevet vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2016.
3. Oppfølging av revisorbrev 03-2016 er fullført.

Vedlegg:

- Brev frå fylkesrådmannen datert 27.09.2016, Revisjon 2016
- E-post frå løn- og rekneskapsjef 14. oktober med kommentarar til revisjonsbrev 03-16
- E-post frå SF revisjon IKS datert 14.11.2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal sjå til at dei tilhøve som revisjonen peikar på, etter forskrift om revisjon § 4, vert følgt opp av fylkeskommunen. Dette er nedfelt i forskrift om kontrollutval § 8.

Innhaldet i forskrifta inneber ei plikt for kontrollutvalet til å sjå til at skriftlege påpeikingar frå revisor vert følgt opp.

Revisor skal sende nummererte revisorbrev, ref. forskrift om revisjon § 4, til kontrollutvalet for å peike på forhold som til dømes manglende oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysning, feil og manglar ved den økonomiske internkontrollen, feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen etc.

SF revisjon IKS sendte revisorbrev 03-2016, datert 4. juli 2016 til kontrollutvalet med kopi til fylkesrådmannen. Kontrollutvalet handsama brevet 25. august 2016 i KU-sak 39/16, og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 03 – 2016 til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant:
 - a. Få på plass gode rutinar som sikrar avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar.
 - b. Ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister som gjev tilstrekkelege opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.

- c. Sikrar at rentene knytt til spelemidlar kjem inn på rett konto ved utgangen av året.
- 3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. oktober 2016 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet mottok kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS 27. september, med fylkesrådmannen si oppfølging av revisorbrev 03-2016.

Fylkesrådmannen gjev i brevet ein status på tiltak for å følgje opp tilrådingar i revisorbrevet.

Det går fram av brevet frå fylkesrådmannen at det vert lagt ned ein god del arbeid i å få organisasjonen til å følgje opp dei rutinar som vart innført i mars 2015 vedr. avstemming av kontantkasse og omsetning på skular og tannklinikkar.

Fylkesrådmannen skriv også i brevet at det er ei målsetting å få aktivering av anleggsregister i tråd med krava i rekneskapsforskrifta i løpet av 2016.

Når det gjeld føring av renter i samband med spelemidlar meiner fylkesrådmannen at «vilkåra høve renter knytt til spelemidlar er i samsvar med vilkåra». Lön- og rekneskapssjef skriv i ein e-post datert 14. oktober følgjande:

«Viser til telefon i går om forklaring av korleis fylkeskommunen stettar vilkåra for spelemidlar. Forskriftene for spelemidlar krev at tilskot frå departementet vert sett inn på eigen renteberande konto.

Fylkeskommunen har eigen renteberande konto for tippemidlar og for kulturyggmidlar. Kontoane i bank er organisert mot konsernkonto. Renter opparbeida på ulike konti vert godskrive konsernkonto. Oversikt over renter er tilgjengelege etter 31.12, det betyr at spelemidlar i bank viser saldo utan renter pr 31.12, dette vert rekneskapsmessig oppretta etter 31.12, men med korrekt periodisering.»

Revisor skriv i ein uttale (e-post 14. november) at SF revisjon IKS i samband med interimrevisjonen gjennom året og ved revisjon av årsrekneskapen 2016 vil gjennomføre kontrollar der ein ser om oppfølginga er tilfredsstillande vedr. årsmelding 2015, avstemming av kontokasser på tannklinikke og dei vidaregåande skulane og føring av anleggsregister. Revisor har gjort ny vurdering av føring og periodisering av renter i samband med spelemidlar, og konkluderer med at mangelen ikkje er av ein storleik som er naudsynt å følgje opp vidare.

Kontrollsjefen har ingen merknadar utover det revisor skriv, og vil rá til at kontrollutvalet vedtek at oppfølginga av revisorbrev 03-2016 er fullført.

3. Konklusjon

Revisorbrev 03-2016 er etter kontrollsjefen si oppfatning oppfølgt av administrasjonen. Revisor vil følgje opp forholda i samband med revisjon av årsrekneskapen 2016.